



DEN NORSKE KYRKJA

Protokoll frå møte i Kyrkjeleg fellesnemnd for Ullensvang, Jondal og Odda

Dato og tid:	Saker:	Arkiv:	Møtestad:
30.05.18 kl. 11:30 – 13:30	013/18 – 015/18		Odda soknehus, storsalen

Til stades: May Søfteland (leiar), Hans-Sigvard Galtung (nestleiar), Magne Hus, Steinar Tokheim, Marianne Eide, Lars Måkestad, Margrethe Ølberg (vara for geistleg representant), Olav B. Hus (kommunal representant).

Kyrkjeverjene Laila Bergsagel og Gerd R. Bu.

Prosjektleiar Liv Eirill Evensen.

Meldingar:

1. Grunnlagsdokument for arbeidsgruppene 1-5 inkl. dokument med informasjon til alle ([sjå sakskart PSU](#)).
2. Svar frå Brønnøysundregisteret: Namn på nytt kyrkjeleg fellesråd (vedlegg til innkallinga).
3. Kyrkjeblad frå 2020 – innspel vedk. *Helg i Hardanger* (vedlegg til innkallinga).

Ettersendt melding:

Referat frå møte 2 med dei tillitsvalde 24.05.18.

Saker:

- 013/18 Godkjenning av møtebok og innkalling.
- 014/18 Endeleg godkjenning av samansetjing av arbeidsgruppene.
- 015/18 Rekneskapsføring for nytt kyrkjeleg fellesråd – val av løysing.

Merknad til melding 3, Kyrkjeblad frå 2020 – innspel vedk. Helg i Hardanger:

PL skriv sak til nemnda innan jul om løysing når det gjeld kyrkjeblad i framtida.

013/18 Godkjenning av møtebok og innkalling

Saksbakgrunn:

Godkjenning av møtebok frå møte i Kyrkjeleg fellesnemnd 31.01.18.

Godkjenning av innkalling og sakskart.

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjend.

Innkallinga og sakskartet vert godkjende.

Handsaming:

Merknad ikkje sett.

Vedtak:

Møteboka vart godkjend.

Innkallinga og sakskartet vart godkjende.

014/18 Endeleg godkjenning av samansetjing av arbeidsgruppene 1-5

Saksbakgrunn:

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde slikt vedtak 31.01.18:

Fellesnemnda gjev fullmakt til prosjektleiar og arbeidsgruppeleiar til å ferdigstille samansetjinga av gruppene med påfølgjande uttale i PSU og endeleg vedtak i fellesnemnda, etter denne modellen:

- Kvar arbeidsgruppe skal ha representantar frå dei tilsette.
- Kvar arbeidsgruppe skal ha representantar frå dei folkevalde eller kyrkjelyden.
- Arbeidsgruppene kan knyte til seg andre ressursar i tillegg etter avtale med PA.
- Undergruppene til arbeidsgruppe 1 vert sett saman av tilsette som naturleg fell inn under den respektive faggruppa.

Samansetjinga vart teken opp med den einskilde arbeidsgruppeleiar, og organiseringa av gruppene vart komplettert slik 03.04.18 (T= tilsett, FV= folkevald, U= Ullensvang, J= Jondal, O= Odda):

1. Personalressurs og arbeidsoppgåver

→ Arbeidsgruppeleiar: May Søfteland (FV, O).

Medlemar i arbeidsgruppa:

2. Gerd R. Bu (T, U)

3. Jarle Vangen (FV, O)

2. Eigedommar, tilstand og verdier

→ Arbeidsgruppeleiar: Steinar Tokheim (FV, O).

Medlemar i arbeidsgruppa:

2. Lars Måkestad (FV, U)

3. Harald Meland (T, U)

3. Kyrkjegardar og gravplassforvaltning

→ Arbeidsgruppeleiar: Magne Hus (FV, U).

Medlemar i arbeidsgruppa:

1. Angunn H. Trå (T, O)
2. Magnar Sollesnes (tidl. FV, J)

4. Arkivsystem og sakshandsaming. Løysingar for IKT.

→ Arbeidsgruppeleiar: Hans-Sigvard Galtung (FV, J).

Medlemar i arbeidsgruppa:

2. Laila Bergsagel (T, J)
3. Gry-Helga Aarhus (T, U)

5. Økonomi og avtaler

→ Arbeidsgruppeleiar: Marianne Eide (FV, J).

Medlemar i arbeidsgruppa:

2. Liv Eirill Evensen (T, O)
3. Audun B. Seiness (FV, J)

Framlegg til vedtak:

Samansetjinga av arbeidsgruppene vert godkjend.

Uttale i partsamansett utval:

Ikkje sett.

Handsaming:

-

Vedtak:

Samansetjinga av arbeidsgruppene vart godkjend.

Saksbakgrunn:

Arbeidsgruppe 5 har, etter motteke melding frå kommunal fellesnemnd, framskunda arbeidet sitt med val av løysing for rekneskapsføring i nytt kyrkjeleg fellesråd. Det kommunale samanslåingsprosjektet treng melding frå kyrkjeleg fellesnemnd allereie no før sommaren om vi ynsker ei løysing med kommunal rekneskapsføring i framtidig fellesråd. Det vert difor naudsynt med eit vedtak i fellesnemnda allereie i dette møtet.

Dette vert dermed å rekna som ei forenkla saksutgreiing – hastesak.

Det har vore eit viktig mål for kyrkjeleg fellesnemnd heilt frå starten av samanslåingsprosessen å sikra best mogeleg kontakt med kommunen. Der vi kan henta hjelp frå kommunen, bør vi gjera det. Kyrkja sin plass i lokalsamfunnet vert styrka når kommunen viser engasjement for oss, og kjenner oss, både økonomisk og gjennom gode kontaktpunkt i den daglege drifta.

Val av rekneskapsløysing har m. a. økonomiske, tekniske og samarbeidsmessige sider.

Rekneskapsløysinga for dei ulike fellesrådsområda er kort skissert slik lagt opp i dag:

* Ullensvang: Nyttar heradet. Rekneskap og løn. Stipulert tenesteyting: 35 000 pr. år. Program: Visma Entrepriise.

* Jondal: Nyttar kommunen. Rekneskap og løn. Stipulert tenesteyting: 90 000 pr. år. Program: Visma Unique.

* Odda: Nyttar eksternt rekneskapsfirma. Rekneskap og løn. Kostnad: 98 000 i 2017. Program: Uni Micro.

Det vert lite tenleg å jamføra dei ulike løysingane som har vore nytta i dei tre fellesrådsområda på kostnad (tenesteyting versus betalingsløysing, ulik storleik på rekneskapa, indeksregulering på pris eller ikkje, m.m.). Difor vert ikkje kostnaden løfta fram som eit vesentleg moment i denne saka.

Gruppe 5 har vurdert dei to alternativa:

1) kommunal rekneskapsføring, og

2) ekstern rekneskapsføring,

uavhengig av programvare.

Arbeidsgruppe 5 tilrår kommunal rekneskapsføring og framhevar følgjande punkt som det viktigaste argumentet for å velja denne løysinga:

Nærleiken mellom kyrkja og kommunen vert større, ikkje berre økonomisk, men også gjennom større informasjonsflyt kring kyrkja sine gjeremål og behov.

Det er også eit godt teikn at kyrkjeværjene i Jondal og Ullensvang er nøgde med kommunal rekneskapsløysing slik den er nytta i dag.

Med val av kommunal rekneskapsføring vert programvare noko som kommunen forhandlar seg fram til.

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vel kommunal løns- og rekneskapsføring for det nye kyrkjelege fellesrådet.

Kyrkjeleg fellesnemnd ved prosjektleiar varslar straks kommunal fellesnemnd om vedtaket.

Handsaming:

Det er særst viktig at vi knyt oss opp mot kommunen der det er mogeleg.

Spørsmål og diskusjon kring korleis tenesteyting verkar i praksis.

Forslag frå Magne Hus, tilleggspunkt til vedtaket: «Vi ber om at tenesten vert ytt som kommunal tenesteyting.»

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vel kommunal løns- og rekneskapsføring for det nye kyrkjelege fellesrådet.

Kyrkjeleg fellesnemnd ved prosjektleiar varslar straks kommunal fellesnemnd om vedtaket.

Vi ber om at tenesten vert ytt som kommunal tenesteyting.

Vedtaket er sendt til kommunal fellesnemnd 30.05.18.

Oppfølging av innspel frå Magne Hus i PSU 30.05.18:

1) Visjonen. Magne Hus la fram forslag til ny visjon i PSU-møtet same dagen. Denne kjem opp som sak i neste møte, 28.08.18 (i PSU og fellesnemnd).

2) Val av nestleiar. Magne Hus hadde merknad i PSU-møtet same dagen om at val av nestleiar i PSU ikkje var etter lovverket. Det vart henta inn råd frå KA undervegs i møtet:

«Utvalgets leder og nestleder velges blant arbeidsgiverrepresentantene.»

Val av nestleiar i PSU må skje i det rette organet – PSU. Dermed kjem det nyval av nestleiar i PSU som eigen sak i PSU 28.08.18.